

# VEDTEKTER FOR HARDANGERPROFILEN – MERKEVARE HARDANGER



VEDTEKNE I HARDANGERRÅDET 09.03.2006

## § 1. føremål.

Merkevare Hardanger er eigd av Hardangerrådet og patentverna. Målet er å profilera Hardangerregionen på ein positiv og fin måte, samt fremja dei kvalitetar som er særleine for regionen. Alle næringar, organisasjonar, selskap, offentlege instansar, kulturelle arrangement og innbyggjarar i regionen skal ha høve å bruka profilen etter nærare reglar og avtalar.

Merkevare Hardanger skal stimulera heile regionen til å hausta meirverdi og fordeler av dette fellesskapet.

Hardangerrådet kan seinare overføra eigarskapen til Merkevare Hardanger til ein anna fellesorganisasjon som dekkar heile regionen, når det er ønskjeleg.

## § 2. Lisens - Påmelding og avmelding.

For å melda seg på til å bruka Hardangerprofilen må det sendast ein kort søknad til Hardangerrådet der bruksområdet kjem klart fram. Brukarane kan nytta Merkevara Hardanger etter å skriftleg ha godteke vedtektene og reglane for hardangerprofilen og betalt avgifta. Det vert gjeve ein skriftleg brukarlisens.

Lisenseigar som ikkje vil bruka Hardangerprofilen lenger, kan når som helst melda seg skriftleg av til Hardangerrådet. Innbetalt avgift vert ikkje tilbakebetalt.

## § 3. Lisensavgift.

Lisensavgifta er ei eingongsavgift. Hardangerrådet fastset avgifta etter tilråding frå prosjektstyret. Brukarane kan berre bruka merke for eigen del i samsvar med godkjenninga, ikkje overføra til andre eller selja alt eller deler av det dei har tilgjenge på. Innbetalt eingongsavgift rett gjev rett til å kjøpa og vidareselja til kvar tid tilgjengelege effektar som er lagt ut for vidaresal.

## § 4. Økonomi.

Administrasjonen av Merkevare Hardanger vert del av Hardangerrådet sitt rekneskap og vert i tillegg ført som eige prosjekt.

## § 5. Prosjektstyre.

Så lenge Hardangerrådet sit som eigar av Hardangerprofilen, vel dei eit prosjektstyret.

Prosjektstyret er fagleg forum for Hardangerprofilen og skal leia Merkevare Hardanger på ein god og forsvarleg måte. På alle møte skal det førast møtebok.

Prosjektstyret skal og sjå til at Merkevare Hardanger ikkje vert misbrukt el. feilbrukt eller på annan måte verta brukt til skade for dei andre brukarane og Hardanger.

## § 6. Tvistar.

Usemjje mellom Merkevare Hardanger og brukarane vert gjort med bindande verknad av ei skilsmidsnemnd på 3 medlemmer. Partane nemner opp kvar sin part og sorenskrivaren i Hardanger nemner oppman.

Skilsmidsnemnda avgjer kven som skal bera kostnaden med skilsmiden. Ein viser elles til Tvistemålslova.

## § 7. Vedtektsendringar.

Hardangerrådet kan endra vedtektene og setja andre reglar for Merkevare Hardanger etter innstilling frå Prosjektstyret.

## § 8 Oppløysing,

Hardangerrådet kan løysa opp eller avvika Merkevare Hardanger. Før det skal prosjektstyret gje uttale. Alle inneståande midlar og fordringar tilfall Hardangerrådet. Hardangerrådet står også ansvarleg for uteståande forpliktelsar.